


Balestrand Venstre



Valprogram. 2015-2019

VENSTRE
Folk først.





Folk først.

VENSTRE I KORTVERSJON

Venstre er eit sosialliberalt parti. Liberal politikk kombinerer personlig fridom og ansvar for fellesskapet. Fellesskap i vidaste forstand er kloden vår. Skal den ha ei framtid må bærekraftig utvikling heile tida vere eit hovudtema. Derfor er Venstre også eit miljøparti.

1. KOMMUNEREFORMA

Balestrand Venstre har eit ope sinn om kommunereforma.

Vi føreset:

- ✓ at ei kommunesamanslåing ikkje må føre til negativ utvikling for busetnad og sysselsetting i Balestrand
- ✓ at tenestetilbodet til innbyggjarane våre vert minst like godt som i dag
- ✓ at lokale politikarar får tilbake makt frå dei interkommunale selskapa

2. SAMFERDSLE

Balestrand Venstre vil:

- ✓ halde presset oppe for å sikre betre og tryggare samband mellom Dragsvik og Holmen
- ✓ ha ei opprusting av heile Fv. 55 (Sognefjell – Vadheim, inkludert Rv. 55, Sogndal – Hella)
- ✓ oppretthalde Sognebåten
- ✓ minimum oppretthalde regulariteten på ferjesambandet Dragsvik – Hella – Vangsnes

3. NÆRING, KULTUR, NATUR OG TILFLYTTING

Dette er sentrale tema i prosjektet «Flytt til Balestrand». Balestrand Venstre støttar heilhjarta opp om utviklingsprosessen og dei konklusjonane som så langt er gjort i samband med prosjektet.

Viktig for oss er:

- ✓ at «Flytt til Balestrand» vert ein kontinuerleg prosess dei neste 4 åra
- ✓ å tilrettelegge for frivillig kulturarbeid
- ✓ at ein tenkjer utvikling i alle deler av kommunen

4. OPPVEKST OG UTDANNING

Forskning viser at «ein god barndom varer livet ut». Grunnlaget som vert lagt i dei første åra har stor innverknad på psykisk og fysisk helse og sjansane for å ta utdanning og klare seg i arbeidslivet. Å kunne utvikle kompetanse og etablere godt samarbeid med føresette for å sjå kva barn frå barnehagealder har behov for, er avgjerande.

Det må framleis vere ambisjonen at kommunen leverer utmerka kvalitet i skule og barnehage, uavhengig av kommuneøkonomi og kommunestruktur.

Balestrand Venstre vil:

- ✓ at tiltak for å sikre trygge oppvekstvilkår og varierte fritids-tilbod for barn og unge skal ha høg prioritet.
- ✓ at desentralisert tilbod innan skule, skulefritidsordning og barnehage framleis skal vere eit mål, og at det må søkast etter nye organiserings- og arbeidsmåtar for å få dette til.

- ✓ at kommunen skal ha ei tydelegare satsing på å vurdere behova til barn frå barnehagealder og oppover, der barnehage, skule, PPT og barnevern samarbeider med primær- og spesialisthelsetenesta.
- ✓ at kommunen gjennomfører eit kompetanseløft i barnehage og skule i høve barn med særskilte behov som t.d. barn med autismevanskar og psykiske vanskar.

5. HELSE OG SOSIAL

Det er viktig å sikre at det framleis er tilgang på grunnleggjande velferdstenester av god kvalitet lokalt. Dette gjeld m.a. legetenester, helsestasjonstenester, pleie- og omsorgstenester, rehabilitering og sosiale tenester.

Balestrand Venstre vil:

- ✓ at helse- og omsorgstenestene skal avgjerast saman med dei som skal ha tenestene og skal organiserast rundt brukarane og ikkje rundt avdelingar og fag
- ✓ ha ein sterk og god sjukeheim som base for pleie- og omsorgstenestene, med styrking av demensomsorga
- ✓ at det skjer ei kvalitetsutvikling med m.a. eit løft i aktivitets-tilbodet og rehabiliterings-tilbodet
- ✓ at akutt-tenestene lokalt blir sikra betre gjennom eit utvida samarbeid mellom helseføretak og kommune.

Venstre sine kandidatar i Balestrand



1. Hanna Menes
(f.1991)



2. Vidar Roseth
(f. 1959)



3. Jarle Geithus
(f. 1957)



4. Jon Asbjørn Målsnes
(f. 1954)



5. Merete Sande
(f. 1963)

6. Lars Sjøthun
(f. 1955)

7. Marianne Herland
(f. 1972)

8. Kari Tordis Aarskog
(f. 1943)

9. Reidun Thorsnes
(f. 1954)

10. Britt Grimelid
(f. 1956)

Les meir om Balestrand Venstre
på våre heimesider.

www.balestrand.venstre.no



VENSTRE

Framsidedfoto: PERHO